

Side 3
**Påske-eselet,
påskehelsing frå
sokneprest Kvamsøe**

Side 4
**Påskeskalden
Johan Halmrast**

Side 5
**Kyrkjelydane satsar
på born og unge**

Side 6
**Debut forfattar med
røter frå Vaksdal**

Side 7
**VOKT – eit nytt
vaktelskap- eller.?**

Side 8
**Hanen Levi fortel
Påskeforteljing for
born**

Side 9
Frå toalett til kjøkken

Side 10
**Utdeling av Godt nytt
til 11-åringane**

Side 15
Velkomen til kyrkje

Side 16
Slekters gang

Påske 2002



SAH-KPK

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltilf. 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

KYRKJEBLAD FOR

VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb.

113, 5721 Dalekvam.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome til Kyrkjekontoret innan

24.mai Neste nummer kjem ut i veke 25.

God påske!

Forventningane til ei solfylt påske er store, her eg sit med sola inn gjennom blåe og gule gardin. Framtidsvona får ein ny farge når sola varmar kroppen, og minnar ein om at våren er på veg.

Kyrkjebladet er fullt av nyhende no til påske, og dei fleste sakene er på si eiga vis knytte til hendinga i Palestina for to tusen år sidan.

Lat dei glade sakene og den glade budskapen varma deg,saman med vårsola.

Mørke skyar heng over budsjettet for Vaksdal kyrkjelege fellestråd for 2002.

Kyrkjeleg fellestråd skal etter påske drøfta kva tiltak som kan gjerast med budsjettet, som må reduserast med kr 370 000,-

Situasjonen fører i alle høve til at det ikkje kan utførast vedlikehald på kyrkjene og kyrkjegardane i 2002. Dei som vitjar kyrkjegardane kjem nok til å reagere på dette, og me lyt leite etter gode løysingar for å kunne gjennomføre gravferder utan at ein vassar i halvhøgt gras.

Kommunestyret har redusert løyvingane til fellestrådet med kr 100 000,- i høve til i fjor, medan dei ulike kommunale etatane har fått aukte løyvingar rekna i kroner.

Det er godt å vite at våre innsparingar med lågare straumforbruk, ledige stillingar, aukte festeavgifter og effektivisering av administrasjonen kjem til nytte for våre innbyggjarar, sjølv om ikkje dei kyrkjelege føremåla sit att med gevinsten.

”Etterlysing”

I julehelga var det innbrot i Eidsland kapell. I fyrste omgang såg det ikkje ut til at noko var fjerna, men etter kvart viste det seg at ein panelomn i sakristiet var borte. Det vart knust ei rute i døra, og døra til bærerommet kan ha vorte øydelagt i den samme gjerninga.

Politiet sine undersøkingar har ikkje gjeve resultat, og me vil be dei som kan ha kjennskap til innbrotet om å melda frå til kyrkjekontoret.

P Å S K E - E S E L E T

Påskekylling, skal det vel heller vere, spør du? Nei, det skal stå påskeesel. Påska endra mykje. For Jesus, for læresveinane, for heile verda. Og for ein liten eselfole.


Då Jesus var på veg til Jerusalem for siste gong, sende han på førehand to læresveinar inn i ein av landsbyane på vegen. Der skulle dei finne eit esel, som Jesus skulle ri inn i Jerusalem på. Når vi les forteljinga om dette i evangelia, kan vi rett nok verte litt forvirra: Var det eitt eller to esel Jesus reid på? Slik Matteus skriv, ser det ut som dei var to. Han skriv at læresveinane tok med seg både eselet og eselfolen dei fann. Markus og Lukas skriv og om at dei fann ein fole til Jesus. Johannes nemnar berre folen kort, og vi får tru at Jesus greidde seg med det eine dyret!

Jesus førebudde dei to læresveinane på kva dei skulle seie dersom nokon protesterte på at dei tok folen. Og sjølvsagt gjorde nokon det, når to framandkarar løyste folen og tok han med. Det læresveinane skulle svare dei var at Herren hadde bruk for eselfolen, og at han skulle leverast attende etter bruk. Ikkje nokon lang tale eller kjøpslåing, berre enkelt og greitt: "Herren har bruk for han".

Folen gjekk brått frå ein anonym kvardag til å verte kjendis, i alle fall i et visst mon. Han fekk vere med og sola seg i glansen av Jesus, der dei vart tiljubla av folket som sto langs vegen. Og han fekk gjere noko, han fekk vere noko!

Han fekk gjere ei teneste for Gud. Midt opp i alt det store og dramatiske som hender denne påskeveka i Jerusalem, er det noko som skjer med det vesle, anonyme eselet som og seier oss noko:

"Herren har bruk for han", vart det sagt. Sjølv den som i eigene og/eller andre sine augo ikkje er så mykje eller kan utrette så mykje, kan Jesus bruke. Dei store og sterke, og stolte og eigenrådige, er ikkje alltid dei som kan det. Kan hende er det nett tvert om: Den som er stor og sterk i



seg sjølv, kan vanta viljen til å vere til nytte fort andre. Mange har funne trøyst og oppmuntring i at Jesus kunne bruke sjølv ein eselfole.

Det var læresveinane som løyste eselet. Slik vart det sett fri til å tene Jesus – og gjennom han andre menneske. Den som er bunden kan ikkje få gjort så mykje, heller ikkje setje seg sjølv fri. Då Jesus døydde og vart levande att i påska, sette det oss menneske fri til å tena. Tena Jesus, og tena kvarandre. Dødens lekkjer, som bind kvart menneske og kvar skapning, vart brotne i påska.

I alle ettertid er menneske sett fri av dette, difor er påskebodskapen til oss i dag og, at vi er sett fri. Og Herren har bruk for oss!

God påske!
Helsing Frode Kvamsøe

PÅSKE-SKALDEN JOHAN HALMRAST

Av Nils-Petter Enstad, KPK

Johan Halmrast blir hugsa for éin einaste tekst: Påskesalma "Å, salige stund utan like". I år er det 90 år sidan han døydde.

Johan Halmrast var født på Lillehammer i 1866, men i 1878 flytta familien til Kristiania. Guten var fysisk svakeleg, men svært intelligent. Han fekk lite utdanning, men dreiv iherdig med sjølvstudium. Han begynte tidleg å skriva dikt, artiklar og ikkje minst forteljingar. Desse samla han i bøker som han gav ut og distribuerte sjølv. I alt skreiv han 30 romanar, og meir enn 800 dikt.

Johan Halmrast skreiv mange salmar. Dei to mest kjende er "Å, sælaste stund utan like" og "Hen over jorden et pilgrimstog". Desse er skrivne rundt 1890. Då var Halmrast midt i 20-åra, og var på høgda av si arbeidskraft. Det var Bernt Støylen som i 1920 omsette bokmålsteksten "Å salige stund" til nynorsk.

"Å, sælaste stund" heiter eigentleg "Maria Magdalenas jubel". Jubelen spring ut

av møtet med den oppstandne i hagen påskemorgon. Det er stor dramatik i linene " Ved gravi du trøyst ville vinna Og søkte den sorgfylte grunn, Så fekk du den levande finna, Å sælaste sælaste stund! "

Harald Stene Dehlin har skildra salma som ein reportasje frå påskemorgon i tre små vers.

Halmrast sine siste leveår blei vanskelege. Helsa blei stadig svakare, og det gjekk tyngre med skrivinga. Den eineste inntekta hadde han frå tilfeldige oppdrag med korrekturlesing. Innan Frelsesarmeen fann han mange venner. I november 1912 døydde han av lungebetennelse, 46 år gammal. Forutan faren og broren, var fire frelsesoffiserar dei einaste som møtte opp i gravferda på Austre gravlund i Kristiania. Då ein rydda loftsrommet i Kirkegata 13 der han hadde budd, fann ein to sekkar med upubliserte manuskript. Dei brende dei - ulesne.

Lenge trudde ein at Halmrast si grav var sletta, men på 1960-tallet klarte ein å spore ho opp. I juni 1966 blei det avduka ein stein på grava over "Journalist Johan Halmrast".

Å SÆLASTE STUND UTAN LIKE

Å sælaste stund utan like, Han lever, han lever ennå!
Han sigrande står i sitt rike! Mitt hjarta, kvi sørgjer du så!
Han stod opp den sælaste dagen Or gravi der bleikna han låg,
:/: Eg levande såg han i hagen, Eg aldri så fager han såg. :/:

Han lever, og helsing han sender Til sine med sælaste ord.
Meg, ringaste syndar han kjenner, Han tek til sin tenar på jord.
Ja, eg skal hans sendebod vera Og gå med ei underfull trøyst,
:/: Guds englar den bod skulle bera Med lovsong og jublande røyst! :/:

Å sælaste stund utan like, Han lever, han lever ennå!
Han sigrande står i sitt rike! Mitt hjarta, kvi sørgjer du så?
Ved gravi du trøyst ville vinna Og søkte den sorgfylte grunn,
:/: Så fekk du den levande finna, Å sælaste sælaste stund! :/:

KYRKJELYDANE I VAKSDAL SATSAR PÅ BORN OG UNGDOM

NEMND FOR BARNE- OG UNGDOMSARBEIDAR I VAKSDAL



Frå venstre: Ingrid Leiren, Eidrun Straume Normann, Knut-Erlend Rosvold, Edvard Bø, Solfrid Urke Nese. Helge Gullbrå er og med i nemnda.

Kyrkjeleg Fellesråd har sett ned ei nemnd til å utgreie eit prosjekt for å fremje og styrkje barne- og ungdomssektoren i kyrkjelydane våre. Rådet tenkjer seg å tilsetta ein barne og ungdomsarbeidar som skal gjere litt klokkarteneste og elles vere ein katalysator i barne- og ungdomsmiljøet. Til saman vil det utgjere ei heil stilling.

Nemnda sitt arbeid er å utgreie korleis ein på best måte kan legge forholda til rette for ei slik stilling. Det gjeld økonomi, men og kva innhald stillinga bør ha. Det er og viktig at ein i ei slik stilling ikkje vert gåande aleine. Nemnda ser såleis på korleis ein kan byggje eit godt støtte og styringsapparat rundt stillinga.

Som det står eit anna sted i bladet, vil det om kort tid kome ein VOKT-arbeider, Knut-Erlend Rosvold, som skal arbeide i eit samarbeidsprosjekt mellom kyrkja og misjonen. Det er tenkt at denne ny stillinga vil verte ein oppfølgjar som skal byggje vidare på det arbeid som no vert starta, samt og tenkje nybrottsarbeid på andre felt. Barne og ungdomsarbeidaren vil

samstundes vere friare med omsyn til arbeidsoppgåver, ikkje minst i det som gjeld forkynning. Med andre ord tenkjer ein her langsiktig.

Kyrkjeleg Fellesråd har bede nemnda ha si innstilling ferdig innan byrjinga av mai. Vi vil seinare her i Kyrkjebladet gjere meir greie for korleis denne stillinga vert tenkt, og når det vert starta opp.

Nokon vil kanskje tenkje korleis vi kan starta nybrottsarbeid og opprette nye stillingar i desse nedskjeringstider. Vi ser det slik at borna og dei unge er så viktige at dei ikkje kan venta på betre tider. Vi må gjere kva vi kan for dei no, og trongen er stor for at nokon engasjerer seg. Men ein barne og ungdomsarbeidar kan ikkje gjere jobben aleine. Ho eller han vil trenge at andre i kommunen er med og tar eit tak for å gje gode tilbod for ungdomane våre så dei kan få kjenna omsorg og at dei høyrer til Kristus og kyrkja.

Helsing kapellan Edvard Bø, nemndleiar.

DEBUTFORFATTAR MED VAKSDALS RØTER

Kristi Furubotn :
Massevis – en roman om tro
Wigestrand forlag

Tar 16-åringens tanker på pulsen



Foto: Wigestrand forlag

Kristi Furubotn, 43 år, er spesialsjuepleier i Stavanger. Ho har ikkje vakse opp på Vaksdal, men besteforeldra på farssida budde her, og foreldra hennar er no flytt tilbake til Vaksdal. Boka **"Massevis"** er i sal hjå Petersen & Ypsøy.

Massevis - en roman om tro er Kristi Furubotns debutroman. Den handler om 16-årige Berit som er redd for å få kall til å dra til Afrika som misjonær. Dermed skulle en del være sagt; romanen tar nemlig en 16-åringens tanker på pulsen, og den burde utvilsomt være pensum for enhver pastor.

Handler boka om tro ? Jo, den gjør det, men kanskje ikke den form som en intetanende leser skulle anta før lesingen starter. Temaet her er nemlig ikke tro som flytter fjell, eller tro som bærer i alle livets situasjoner. Snarere handler det om den troen som det blir forkynt at en burde ha,

og hvordan livet arter seg for en 16-åring som prøver å ta det forkynte på alvor. Mange vil nok nikke gjenkjennende til de mange treffsikre og ofte humoristiske beskrivelsene Furubotn kommer med.

1975

Handlingen består ganske enkelt i at leseren følger Berit det første året hun går på gymnaset. Året er 1975, og Berit har flyttet fra familien sin i Drammen til et lite tettsted på sørvestlandet. Hun er redd for å dø, og lurer på om hun er skikkelig frelst.

Hun prøver å finne sitt nye åndelige hjem, først i Misjonssambandet og deretter hos pinsevennene, men hun velger pinsevennene, for de virket gladere. De gamle vennene er hun ikke sammen med lenger, for en kristen kan jo ikke være sammen med andre på sin egen alder som ikke har samme ståsted. I begynnelsen er hun derfor ensom, hun blir nemlig ikke helt inkludert i flokken med ungdommene i skolelaget på stedet. De lever etter den forestillingen en av bibelgruppelederne så fortreffelig formulerer: "Me kan ikkje gjøra noe i oss sjøl. Me veit at me e odogelige".

Fokus på forkynnelse.

Etter hvert får hun allikevel ei god venninne. Denne venninnen tar forkynnelsen enda mer alvorlig enn Berit, noe som også får følger for denne jentas psyke.

Hun stiller spørsmålsteget ved hvorvidt kristentroen skal gi energi, trygghet og glede, eller fremkalle frykt, pliktfølelse, sjølstraffing og sjølførakt fordi en for eksempel har kysset en "ikke-kristen" gutt en likte godt, eller ubetenksom sagt ja til en teaterbillett !

Tankevekkende.

I tillegg beskriver romanen en ungdoms gryende seksualitet. Den viser hvordan kristen forkynnelse og usagte forestillinger og normer i miljøet kan være med på å svekke et ungt menneskes tillit til eget hode, sanser og kropp.

*” har både humor og respekt
overfor de miljøene den skildrer”*

Jeg må skuffe dem som tror at boka er et respektløst framstøt mot kristenheten. Boka inneholder et eksistensielt alvor og har både humor og respekt overfor de miljøene den skildrer. Og boka blir ikke for alvorlig; bruken av rogalandsdialekt, kanaanspråk, og de ulike kirkesamfunnenes måter å si halleluja på, kan få en til å sette latterdøra på vidt gap. Dessuten bidrar koblingen av fortelling, absurd små tekststykker og bedehussanger til at teksten litterært sett blir mer enn bare fortellingen om Berit. Imidlertid er hennes tankevekkende hjertesukk først og fremst en sitter igjen med når boka er lukket: ”Skulle ønske det ikke fantes et helvete, for da hadde ikke livet vært så skrekkelig alvorlig.”

”*Massevis*” er en interessant og engasjerende debutroman med presise miljøskildringer og god kjennskap til en 16-årings psyke. Boka burde være obligatorisk lesing for alle som forkynter !

Hildegun Haukenæs, VÅRT LAND

KYRKJESTADEN DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med biletstoff
både i svart/kvit og i fargar.

**Til sals for
kr.50,-**

**hjá Petersen ? Ypsøy
og på Kyrkjekontoret**

Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret,
Postboks 113, 5721 Dalekvam
Tlf.56 59 39 20

VOKT – ARBEIDAR I VAKDAL PRESTEGJELD

*”Vokt, sa du – er det eit nytt
vakselskap eller..?”*



Knut-Erlend Rosvold, 21 år


Ein VOKT-arbeidar er ein sivil vernepliktig som har valgt å bruka tenesta si til arbeid ute og blant ungdom. Han førebur seg på ei slik teneste ved å gjennomføra eit 4-vekers kurs på VOKT-lina ved Forskolen for sivil vernepliktige. I løpet av desse vekene har sivilarbeidarane studert volds- og mobbeproblematikken, dei har fått opplæring i ikkje-voldeleg kommunikasjons- og konflikthandsaming, observasjonsteknikkar og rapporteringar.

Frå midten av mai i år skal Knut-Erlend Rosvold frå Stamnes vera VOKT-arbeidar i Vaksdal prestegjeld i samarbeid med Norges Samemisjon. Tenesta går over eit år og skal vera volds- og konfliktforebyggande blant ungdom frå 11-18 år. Knut-Erlend skal vera til stades på skulen, i gata, i ungdomsmiljø av ulike slag. Dette er heilt nytt hjå oss, og vi ynskjer Knut-Erlend velkomen og lukka til i arbeidet.

DAGEN DÅ HANEN LEVI FEKK HØYRE EI MERKELEG HISTORIE

Påskeforteljing for barn av Kari Kottum ,
KPK

Levi var ein ganske alminneleg hane. Han gjekk i hønsegarden og passa på hønene og kyllingane. Det kunne komme både rev og andre skumle dyr som ville ta dei, men om det skjedde, skulle Levi kakle og gale og hakke etter dei stygge røvarane. Han skulle nok halde dei vekk! Og kvar morgon måtte han sørgje for å vekke både folk og dyr, elles søv dei vel heile dagen. Jau, det var travelt å vere hane.



Det var forresten vesle Mirjam som hadde gitt han namnet Levi. Han var stolt av namnet sitt. Hanen hos naboen hadde ikkje noko namn i det heile tatt.

I dag tidleg hende det noko rart. Levi var som vanleg tidleg vaken og gol "kykeliky" av full hals. Han venta ei god stund, men då ingen såg ut til å ville vakne inne i huset, måtte han gale ein gong til. Endeleg hørde han nokon som tok til å romstere og røre litt på seg. No begynte dei visst å stå opp.

Han hørde nokon som tusla og snufsa borte ved hushjørnet. Var det Mirjam som gret? Nei, det var ein vaksen

mann! Han stødde seg mot veggen og gret. Så rart, tenkte Levi og gjekk bort til han. Levi skakka på hovudet og såg spørjande opp.

Då tok mannen til å fortelje, akkurat som vesle Mirjam bruka gjere. Å, han hadde høyrte mykje rart - men dette...? Levi lytta med ope nebb.

- Eg heiter Peter, eg. Veit du kva det namnet tyder? Det tyder ei klippe, ein stor stein som ingen kan flytte. Det var Jesus som gav meg det namnet, før heitte eg Simon. Han sa at eg var som ei klippe han ville byggje noko på ... Å, stakkars Jesus! Han tok nok feil av meg! Eg sveik han i natt. Eg var så feig...

Overprestane og dei i "rådet" - dei som passar lov og orden - sende ut soldatar for å ta Jesus i natt. Dei meiner at Jesus har loge og håna Gud fordi han seier at han er Guds Son!

To av kyllingane krangla om eit eller anna. Levi snudde seg sende dei eit skarpt blick. Så vende han seg og såg på Peter igjen. Han fortalde om det som stod i skriftrullane - at ein som blir kalla Messias skal komme og redde folket.

- Og Jesus har sagt at det er han som er Messias, heldt Peter fram. - Eg har lært så mykje fint av han. Men no er eg heilt forvirra. Om Jesus er Guds Son, kunne han vel greidd å fri seg frå soldatane? Han har sagt fleire gonger at han skal døy - og at han skal stå opp igjen, men eg forstår ikkje kvifor?

Levi såg nysgjerrig opp på Peter. Dette var nytt for han.

Peter kjempa med gråten ei stund før han heldt fram.

- Det verste er at eg sveik han! Jesus blei tatt med inn til overpresten. Der skulle dei forhøyre han. Eg sneik meg etter inn på gardsplassen. Det var eit lite bål der inne som vi kunne varme oss ved.

Då var det ei tenestejente som peika på meg og sa: "Du òg var saman med denne Jesus frå Galilea". Eg blei så redd, og så laug eg og sa at eg ikkje skjøna kva ho prata om.

Då kom det ei anna jente, og ho sa òg at ho hadde sett meg saman med Jesus. Eg nekta igjen - og flytta meg vekk frå bålet og bort i skuggen. Det var kaldt ute, men det fekk ikkje hjelpe om eg fraus.

Nokre menn stod og snakka saman. Så vende dei seg og såg på meg. Dei sa at målet mitt røpte meg. Eg måtte vere ein av disiplane hans. Og så svor eg til og med og sa: "Eg kjenner ikkje denne mannen." Då hørde eg ein hane som gol. Eg trur det var deg.

Peter gret igjen. Levi snudde på hovudet og såg på Peter frå den andre sida. Det var då vel ikkje han sin feil at mannen gret. Det var jo ein del av jobben hans å vekkje folk!

Peter tørka tårene med handbaken og heldt fram: - Du forstår, då du gol, kom eg til å hugse noko Jesus sa til meg: "Før hanen gjel, skal du fornekte meg tre gonger". Jesus visste om det på førehand! Han må jo vere meir enn eit vanleg menneske. Og no vil dei drepe han! Men om det er sant som han seier, så skal han stå opp av grava igjen. Eg veit ikkje kva eg skal tru, men eg er så lei meg!

Peter hulka og slo hendene framfor andletet. Han snudde seg for å gå. Då han nådde hjørnet, sa han til Levi: - Får du høyre at Jesus har stått opp av grava igjen, då må du gale heile dagen, slik at eg høyrer det!

Høh! Levi strekte halsen og riste på vingefjørene. Visst skulle han gale då!

NYOPPUSSA KONFIRMANTROM TIL PÅSKE NYTT KJØKKEN I VAKSDAL KYRKJE



Det gamle toalettet i Vaksdal kyrkje er nå blitt til et lite toalett og eit flott nytt kjøkken. Soknerådet har arbeidd med dette sidan hausten 2001. Det meste av arbeidet er gjort på dugnad.

Vaksdal sokneråd vil takka både dugnads-arbeidarane og dei som har gitt pengar til prosjektet

Den nye leiaren i Vaksdal sokneråd, Kjell Nysted, er sers nøgd og glad for det nye kjøkkenet som er laga til i konfirmantrommet.

Utdeling av Godt nytt til 11-åringane




11-åringar frå Dale i Dale kyrkje,



11-åringar frå Eidsland i Eidsland kyrkje,



11-åringar frå Stanghelle i Dale kyrkje



11-åringar frå Eksingedalen i kyrkja

Maria Vocalis til Dale i april:

” Herre, gi dem den evige hvile og la ditt lys skinne for dem....”

Maria Vocalis ble grunnlagt av Dag Fluge i 1994 som tom. Desember 2001 har vært korets faste dirigent. Fra 2002 har Marit Karaskiewicz overtatt som dirigent for koret. Koret er et frittstående kammerkor som hovedsakelig skal fremføre kirkemusikalske verk av eldre og nyere dato. Koret har base og øvingssted i Mariakirken i Bergen. I Dale kyrkje 18. april vil de framføre Requiem, som er skrevet av Jørund Fluge Samuelsen.

Requiem er en messe for de som er gått bort og inneholder 6 satser skrevet for a capella kor.

Teksten er latinske messetekster og er de samme som mange større komponister har skrevet musikk til tidligere f.eks. Mozart og Bach.

I 1997 ble Jørund Fluge Samuelsens Requiem fremført av kammerkoret Maria Vocalis i St. Paul's Cathedral i London . Komponisten var på dette tidspunkt medlem av Maria Vocalis hvor han sang bass. Han sier selv at ettersom han har sunget i kirkekor har det vært mest

naturlig for ham å skrive for kor. Selv er han nok foreløpig mest kjent som tekstforfatter, medlem og fløytist i popgruppa Trang Fødsel. Og det er vel ikke så mange popmusikere som mestrer å skrive svingende poplåter og samtidig skape musikk til bibelske tekster! Komponisten har for øvrig enda et kirkemusikalsk verk på samvittigheten ; I august 2000 ble hans oratorium ” Ecclesia Militante ” urframført i Mariakirken av Maria Vocalis med orkester.

Requiem et verk som er inspirert av gregoriansk sang og bærer preg av rene enkle melodiske linjer. Det er en stillferdig og meditativ musikk . Kombinasjonen mellom et moderne tonespråk og inspirasjonen fra gregoriansk sang gjør dette til et veldig spennende verk.

Maria Vocalis har sunget inn flere Cder og koret har i løpet av de siste årene konsertert flittig både i inn og utland.

Kvedarar i Bergsdalen kyrkje



Gudstenesta i Bergsdalen 17. mars vart vitja av kvedarar, som var samla til kvedarkurs heile helga. Reidun Horvei (nr. to frå venstre), leia kurset og songarena si deltaking i kyrkja. Ho fortel at det er mange folketonar med røter frå Vaksdal kommune, og det er ynskje om at desse ikkje vert gløymde som har samla songarane til kurs. ”Herre eg inderleg ynskjer å fremje di ære”, ein av dei religiøse folketonane frå Eksingedalen, vart sunge i gudstenesta.

Reklameside

GULLBRÅ PÅ TURNÈ

I veka etter påske er Kjartan og Elisabeth Gullbrå på heimlege trakter, for å fortelje om kva som ventar dei når dei reiser til Nepal seinare i år. Programmet deira vert slik:

Torsdag 4. april kl. 19.00

Møte i Vaksdal bedehus

Fredag 5. april kl. 20.00

Vaksdal KUL, i Vaksdal bedehus

Laurdag 6. april kl. 15.00

Familiemøte på Eksingedalen skule

Sundag 7. april kl. 11.00

Familiemøte i Vaksdal bedehus

Med seg på møta har dei Jostein Holmedal, frå Tibetmisjonen.



Nytt frå kyrkjeverja

Reingjering av gravminne:

På våre kantar er gravminna utsette for forureining og tilgroing av mange slag. Nokre av kyrkjegardane er mest fri for dette, medan andre stader er gravminna grøne av mose eller algar.

”Norsk forening for kirkegårds kultur” har i fagbladet sitt teke for seg dette, og viser til at ein med enkle midlar og litt innsats kan gjere gravminna like fine som då dei var nye.

Her fylgjer ei kort oppsummering av metodane. Dersom du vil ha meir informasjon, kan du ta kontakt med meg.

Lav kan fjernast med mildt såpevatn. Grønska er vanskelegare å få bort. Bruk svamp og zalovatn! Grønsåpe er gjødning for grønske. Klorin kan nyttast, men må ikkje brukast på gullskrift!


Stearin frå gravlykter og faklar kan fjernast med lynol. Det er viktig at lynolen ikkje får løysa opp stearinen og renne neover gravminnet, for då kan det trekkje inn i steinen og gje misfarging. Bruk tørre filler til å tørke av med heile tida.

Om ein er stø på labben kan ein måle skrifta opp att med svart eller kvit Bengalakk. Gullskrifta krev meir arbeid, og bør vel gjerast av ”proffane”.

Hugs å ta omsyn til materialet gravminnet er laga av. Ein elvestein eller ”gråstein” kan verte finare med åra med litt patina.

Lukke til med arbeidet!
Svein Tøsse

VELKOMEN TIL KYRKJE



VAKSDAL KYRKJE

29.mars kl.19.30

Orgelresitasjon ved A.Nese.

29.mars kl.20.00 Pasjons-
gudsteneste. Kvamsøe.

31.mars kl.11.00 Felles

høgtids-gudsteneste for
Vaksdal og Dale sokn.

Bø, Kvamsøe. Nattverd. Offer
til Det Norske
Misjonsselskap.

7.april kl.18.00 Tomasmesse.
Sjå Dale!

14.april kl.18.00 Høgmesse.
Bø. Nattverd.

21.april kl.18. Ung Messe.
Sjå Dale!

28.april kl.11. Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til
Kirkens SOS i Bjørgvin.

1.mai kl.9.30 Høgmesse.
Kvamsøe. Offer til Kristne
Arbeideres Forbund.

5.mai kl.11. Konfirmasjons-
gudsteneste. Bø. Offer til
kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.9.30

Familiegudsteneste. Bø. Offer
til Vaksdal KFUK-KFUM-
speidarar.

19.mai kl.11. Felles
høgtidsgudsteneste.

Sjå Dale!

26.mai kl.18.00 Høgmesse.

Kvamsøe. Offer til AAN-
Rådgivingskontor for gravide.

9.juni kl.13.00

Fitjvasstemna.

DALE KYRKJE

24.mars kl.11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Offer til Israels-
misjonen.

28.mars kl.19.00

Nattverdsguds-teneste med
skriftemål. Bø. Offer til De
fire diakoni-institusjonene.

31.mars kl.11.00 Felles
høgtids-gudsteneste. **Sjå**
Vaksdal!

7.april kl.18.00 Tomasmesse.
Bø og Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Åpne Dører.

21.april kl. 18.00 Ung Messe.
Bø, Kvamsøe og

konfirmantane.
Offer til IKO

1.mai kl.11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Offer til Kirkens
Bymisjon.

5.mai kl.11.00
Konfirmasjons-gudsteneste.
Kvamsøe. Offer til
kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.10.00

Festgudsteneste. A.Straume.
Offer til Evangeliesenteret.

19.mai kl. 11.00 Felles
høgtids-gudsteneste. Bø og
Kvamsøe. Nattverd. Offer til
Normisjon.

2.juni kl.11.00 Friluftsg-
gudsteneste i Messehagen.
Kvamsøe og Bø. Offer til Den

Norske Sjømanns-misjon

16.juni kl. 11. Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til
Menighetsfakultetet.

STAMNES KYRKJE

28.mars kl.16.30

Orgelresitasjon ved kantorane
Steinkopf.

28.mars kl.17. Nattverd-
gudsteneste med skriftemål.

Bø. Offer til Kirkens SOS.

1.april kl. 11.00

Høgtidsguds-teneste. Bø.
Nattverd. Offer til Norsk
Luthersk Misjonssamband.

7.april kl.18.00 Tomasmesse.
Sjå Dale!

21.april kl.18.00 Ung Messe.
Sjå Dale!

9.mai kl.12.00 Vassbakken-
stemna. Bø. Offer til Fagertun
leirstad.

12.mai kl.11.00

Konfirmasjons-gudsteneste.
Bø. Offer til Norges
Kristelige Student- og
Skoleung-domslag.

17.mai kl.12.30

Festgudsteneste. Bø. Offer til
Kirkens Nødhjelp.

20.mai kl.11.00 Høgtidsguds-
teneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Den Norske
Sjømanns-misjon

16.juni kl. 18.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

EIDSLAND KAPELL

29.mars kl.11.00

Pasjonsguds-teneste.
Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Kirkens SOS.

14.april kl.11.00 Høgmesse.
Bø. Nattverd. Offer til
Normisjon.

17.mai kl.12.30 Festguds-
teneste. Asgeir Straume. Offer
til orgel i Eidsland kapell.

BERGSDALEN

KYRKJE

24.mars kl.12.30 Sports-
andakt i Bergsøyane.
Kvamsøe.

31.mars kl.20.00

Høgtidsguds-teneste. Bø.
Nattverd. Offer til Kirkens
Nødhjelp.

20.mai kl.16.00 Høgtidsguds-
teneste. Bø. Nattverd. Offer til
Kirkens SOS, Bjørgvin.

EKSINGEDALEN KYRKJE

28.mars kl.20.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

7.april kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

26.mai kl.11.00 Konfirmasjons-gudsteneste.
Kvamsøe. Offer til IKO – Institutt for kristen oppseding

NESHEIM KYRKJE

24.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

31.mars kl.11.00 Lekmannsgudsteneste.
St. Markus. Offer til Norges KFUK/KFUM Bjørgvin krets.

21.april kl.11.00 Høgmesse.Kvamsøe.
Nattverd.

9.juni kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollere m.a. klokkeslett for gudstenestene.

VIL DU LYTTE? Kirkens SOS

startar nytt innføringskurs for frivillige medarbeidarar. Kurset går over 10 torsdagskveldar. Medarbeidarane har vakt ca. kvar 12.dag og får støtte og rettleing så lenge dei er med i tenesta.

For å bli medarbeidar må du vera 20 år. Oppgåva er å lytta til innringar, tåle å møte eit anna menneske si smerte og sorg. Medarbeidaren skal ikkje finna løysingar eller "gode råd".

Velkommen til eit godt fellesskap og meningsfull teneste!

Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 90 53 23 20 kveld og helg.

KOR-KONSERT I DALE KYRKJE Torsdag 18.april Kkl.19.30

Maria Vocalis

Kor frå Mariakirken i Bergen

BASAR I EIDSLAND GREINDAHUS

TIL INNTEKT FOR NYTT ORGEL

Laurdag 20 april

(Klokkeslett vert kunngjort seinare)

Loddsal, åresal, kaffi og kaker.

Underhaldning.

Orgelnemnda

KONSERT I EIDSLAND GREINDAHUS TIL INNTEKT FOR NYTT ORGEL

Helgetorsdag 9.mai

(Klokkeslett vert kunngjort seinare)

Mandskoret KVAD m/ damer

Dirigent: Per Inge Almås

Trekkspeklklubben

Solistar: Hege Eide Vik

og Øystein Steinsland

Orgelnemnda

FORSONGARKOR TIL HØGTIDSGUDSTENESTA 1.PÅSKEDAG

Dersom du har lyst til å vera med i forsongarkoret i Vaksdal kyrkje 1.påskedag, kan du møta fram kl.9.45.

Hugs at klokka skal flyttast fram den helga!

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

13.01 Anna Yu Verpelstad
13.01 Elise Vaktal Kvamsøe
13.01 Ruth Sofie Rødberg Arne
27.01 Eirik Stokke Bøe
24.02 Hanna Bolstad Hesjedal
24.02 Alexandra Boge Andreassen
24.02 Mikal Breivik Johnsen

VAKSDAL

03.02 Andreas Jamne Kvamme
03.02 Jacob Solhaug

AVLIDNE



DALE

22.12 Sella Dale, f.1914
20.01 Åsvald Brekklus, f.1924
01.02 Kåre Yven, f. 1927
11.02 Ola Straume, f.1914
16.02 John Ekanger, f.1915
19.02 Gunvor Hvidsten, f. 1911
28.02 Ester Andersen, f. 1915
11.03 Edvard Skreien, f.1914

STAMNES

18.12 Alfred J.K. Aasen, f.1904
20.01 Henning Møster, f.1966
21.01 Knut Hesjedal, f.1909
15.02 Jacob Andreas Kallestad, f.1910
21.02 Klara Amalie Leiren, f.1918

VAKSDAL

21.12 Nils Didrik Boge, f.1920
08.02 Olav Knutsen, f.1912
12.02 Agathe Knutsen, f. 1912

GODKJENDE LEVERANDØRAR AV GRAVMINNE

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdslova. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS
Ellinggard Steinindustri AS
Kjøll Stenindustri
Sildnes stenindustri AS
Sæthre stenindustri AS
Øien stenhuggeri
Åsane stein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.



GRAVMONUMENTER
fra Brødr. Strand
Stenhuggeri

I våre kataloger finner De flere hundre modeller.
Vi har alle aktuelle steintyper.
Be om katalog og pristilbud.
NB! Fritt levert og montert alle kirkegarder i distriktet.
Skrifttilføyelser - Oppussing.

Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00